

# SELSKAPSAVTALE FOR RYFYLKE IKS

## Oppdatert pr. 08.01.2024

### §1 Føremål og føresetnader

Ryfylke IKS er eit interkommunalt selskap, oppretta med heimel i lov om interkommunale selskap av 29.1.1999 nr. 6, med kommunane Suldal, Hjelmeland, Strand, Sandnes<sup>1</sup> og Sauda som deltakarar. Andre kommunar har høve til å søkja om å bli deltakar.

Føremålet med selskapet er å styrkja regionen gjennom større grad av interkommunalt samarbeid med hovudvekt på alle typar tiltaksarbeid og utviklingsprosjekt. Selskapet leverer etter reglane om eigenregi jf. Anskaffelsesforskriften §3-2 tenester til deltakerkommunane, i tråd med føremålet.

Selskapet kan fungera som tilretteleggjar for andre både offentlege og private verksemder, når det byggjer opp om føremålet og skjer i samsvar med regelverket om eigenregi.

Samarbeidet skal leggja til grunn deltaking frå likeverdige partar og skal vera eit supplement og ei støtte til kommunane si eiga verksemd.

Selskapet kan òg inngå samarbeidsavtalar med kommunar, andre selskap og verksemder, når det byggjer opp om selskapet sitt føremål

Selskapet sitt administrasjonsmål er nynorsk.

### §2. Målsetjingar

1. Å klarleggja og nytta ut naturlege og menneskelege ressursar og føremoner i regionen for å vidareutvikla området politisk, næringsmessig, sosialt og kulturelt.
2. Å styrkja identiteten i regionen ved å utvikla samarbeidsformer mellom kommunane, næring, skule og kultur.
3. Å forebu felles fråsegner for deltakarkommunane overfor regionale- og sentralstyresmakter, i saker der deltakarane ber om det. Selskapet kan og gi fråsegn sjølv der dette er naturleg.
4. Ei praktisk oppfølging av fylkes- og fylkesdelplanar, når ein eller fleire av deltakarkommunane ber slik bistand.
5. Pådrivar for å fremja viktige regionale saker overfor styresmakter på fylkes- og statleg nivå.
6. Arbeida for at regionen vert tilført statlege og fylkeskommunale ressursar.
7. Arbeida for å lokalisera ny aktivitet inn i regionen.
8. Fylla vertskapsrolla for det regionale næringslivet i samsvar med føremålet.

### §3 Lokalisering

Selskapet har forretningsadresse i Hjelmeland kommune.

### § 4 Eigar- og ansvarsdel, lånerammen

#### § 4.1 Eigar- og ansvarsdel

Selskapet har frå 1.1.2015 ein innskotskapital på NOK 1 500 000. Stiftingskommunane har kvar betalt inn sin del av kapitalen fordelt mellom medlemskommunane med NOK 300.000, som utgjer eigardel for kvar av partane tilsvarende 20 %. Den enkelte deltakar er pro-rata ansvarleg for selskapet sine plikter og gjeld i høve til eigardel.

#### §4.2 Selskapet sin låneramme

Selskapet kan ta opp lån til eigne investeringsføremål i varige driftsmiddel som selskapet er eigar av jamfør IKS lova §22 med forskrifter, innafor ei total ramme på NOK 5 000 000.

---

<sup>1</sup> Forsand tom 31.12.2019 og nye Sandnes kommune etter samanslåing per 1.1.2020 av Forsand og Sandnes

Vedtak om bruk av låneramma skal framgå av representantskapet (Ryfylkerådet) sitt vedtak om bindande årsbudsjettet og 4-årig økonomiplan jamfør IKS lova §§ 19 og 20 med forskrifter.

## **§ 5 Organisasjon**

Ryfylke IKS sine organ er Representantskapet (nevnt Ryfylkerådet), Styret og Dagleg leiar. Representantskapet (Ryfylkerådet) vel og selskapet sin Valkomite, ein gong i valperioden.

## **§ 6 Representantskapet (Ryfylkerådet)**

Representantskapet (Ryfylkerådet) er selskapet sitt øvste organ. Det skal sjå til at selskapet vert drive etter føremålet i samsvar med lover og denne selskapsavtalen.

Representantskapet (Ryfylkerådet) gjer vedtak på vegner av Ryfylke IKS så langt ikkje anna følgjer av lov, denne avtalen eller delegasjonsvedtak.

Representantskapet (Ryfylkerådet) kan delegera mynde til å gjera vedtak til styret eller dagleg leiar, når det er i samsvar med lova og forskrifter. Slik mynde skal gå fram av selskapet sitt fullmaktsreglement, eventuelt ved vedtak i representantskapet (Ryfylkerådet) om det i ei konkret sak.

Til representantskapet (Ryfylkerådet) skal kommunestyret i kvar av deltakarkommunane velje eit medlem med to personlege varamedlemmar. Funksjonsperioden for dei valde er lik den kommunale valperioden på 4 år.

Representantskapet (Ryfylkerådet) vel sjølv sin leiar og varaleiar for to år om gongen.

Representantskapet (Ryfylkerådet) er vedtaksført når minst 50% av medlemene er til stades og desse representerer minst 2/3 av den samla eigarbrøken. Kvar representant si røyst er lik deltakaren sin andel av eigarbrøken jamfør IKS lova §9. Ved røystelikskap er leiaren si røyst avgjerande.

Styrets medlemmar og dagleg leiar har rett til å ta del i møta med talerett (lova §9). Styreleiar og dagleg leiar har møteplikt med mindre det er unødige eller gyldige forfall.

Representantskapets (Ryfylkerådet)s leiar kan kalla inn andre til møta når han/ho finn det føremålstenleg for sakshandsaminga. Det er organet sjølv som avgjer om desse skal gis talerett i møtet. Desse kan gje opplysningar og utgreiingar, men har elles ikkje høve til å ta del i drøftingane eller røystinga.

Representantskapet (Ryfylkerådet) kan sjølv ta initiativ til å fremja intensjonane i §§ 1-2 og få lagt fram saker til drøfting når det har sams interesse for 2 eller fleire av deltakarkommunane. Representantskapet (Ryfylkerådet) er ansvarleg samordningsinstans for dei utvala og aktivitetane som selskapet femner om. Er det naudsynt kan det og på einskildområde, vedta å setja ned eigne rådgevande fagutval.

Representantskapet (Ryfylkerådet) har møte etter ein oppsett årleg møteplan eller når leiar, styret, revisor, minst ein av deltakarane eller minst 1/3 av medlemmane i representantskapet (Ryfylkerådet) krev det for å handsame ei sak (jfr. Lova §8).

Leiar kallar inn etter den fastlagde møteplanen innafor 4 vekers fristen i lov om IKS. Møteplanen kan fråvikast når det er semje om det. Møteinnkalling, sakliste og saksdokument skal gjerast offentlege på selskapet si heime side (lova §8a). Møta i representantskapet (Ryfylkerådet) er offentlege og følger regla om møteoffentlegheit i kommunelova §§ 11-5 og 11-6 jfr IKS-lov §8a.

Møteleiar har ansvaret for at det vert ført protokoll frå møte (jamfør lova §9a). Styrets medlemmer og dagleg leiar har rett etter lova til å få sine syn på saka ført i protokollen. Den underskrivne protokollen skal publiserast på selskapet si heimeside etter møtet og utan unødige opphald (jamfør lova §9a).

Det skal haldast minst 4 møte i representantskapet (Ryfylkerådet) kvart år. Normalt ein gong i kvartalet.

Det nyvalde representantskapet (Ryfylkerådet) trer saman på hausten etter kommunevalet. Her skal representantskapet (Ryfylkerådet) konstituera seg, velje valkomiteen og vedta mandat for dens arbeid. Avtroppande valkomite legg fram forslag til mandat.

Tenestetida til valkomiteen er 4 år. Den skal ha 3 medlemmer, og leier eller nestleiar i representantskapet (Ryfylkerådet) skal vere ein av desse. Dei to andre veljast blant representantskapet (Ryfylkerådet) sine andre faste medlemmer.

Deltakarkommunane har rett til å foreslå kandidatar til styret, til valkomiteen.

Valkomiteen legg fram si innstilling til representantskapet (Ryfylkerådet) på fyste møte på nyåret etter kommunevalet.

Representantskap (Ryfylkerådet) skal halde møte innan fyste del av juni kvart år der fylgjande sakar i tråd med lovs og denne selskapsavtalen skal handsamast:

1. Godkjenna styret si årsmelding for siste året
2. Godkjenna revidert rekneskap for siste året
3. Velja revisor, når den avtala er på val
5. Fastsetja godtgjersle til styret
6. Velja leiar og nestleiar i styret, når desse er på val
7. Fastsetja rammer og prinsipp for arbeidet med neste års årsbudsjet og ny 4-årig økonomiplan
8. Godkjenna 1. perioderapport for året inkludert naudsynte budsjettjusteringar innanfor ramma og eventuelt bruk av lån og eller opptente egne middel.
9. Øvrige sakar som lova krev
10. Handsama andre saker som styret har lagt fram

Representantskapet (Ryfylkerådet) skal halde møte i starten av september kvart år, der endeleg forslag til neste års budsjett og økonomiplan (jamfør lova §20) vert handsama. Endeleg vedtak skal sendast til deltakarkommunane for bruk i deira handsaming i økonomiplanane av tilskot og tenestekjøp frå selskapet.

Det ligge elles til representantskapet (Ryfylkerådet) sitt ansvar etter lova, å handsame sak frå styret om 2. perioderapport for selskapet om hausten kvart år.

## **§ 7 Styret**

Styret har 5 medlemmer. Det skal til ei kvar tid vera samansett av eit tilsvarande tal personar som det er deltakarar i selskapet.. Det skal også veljast minst 2 numeriske varamedlemmer.

Representantskapet (Ryfylkerådet) vel styrets medlemmer og varamedlemmer for 2 år om gongen. Reglane om kjønnsbalanse for medlemmer og for varamedlemmer gjeld for styret. Tenestetida er fram til nytt styre er valt.

Styret er vedtaksført når minst halvparten av medlemmane er til stades. Styreleiar kallar inn til møta og set dagsorden. Reglane om inhabilitet ved handsaming av saker i styret fylgjer av lova §15.

Vedtak i styret vert avgjort ved med det fleirtalet har stemt for og desse står for meir enn 1/3 av alle styremedlemmer sine røyster. Ved likt røystetal er møteleiar si røysting avgjerande.

Styret skal sjå til at selskapet vert drive etter lover og denne selskapsavtalen. Styret skal sørgja for ei forsvarleg forvaltning av dei økonomiske midlane og føra tilsyn med dagleg leiar. Myndigheit lagt til styret følger elles av IKS loven §13 om ikkje annet er lagt til representantskapet (Ryfylkerådet) sjølv i selskapsavtalen. Styret har plikt til å gi si innstilling om årsbudsjett og økonomiplan jfr. IKS lova §§ 19 og 20 til representantskapet (Ryfylkerådet) og til å leggje fram revidert årsregnskap og årsberetning til representantskapet (Ryfylkerådet) jfr. lova §27 med forskrifter.

Arbeidsgjevaransvaret for dagleg leiar, slik som personal- og medarbeidaroppfølging, leierutvikling og lønsfastsetjing er styret sitt ansvar. Fastsett årsbudsjett definerer ramma for dette.

Styret har ansvaret for at selskapet har dokumentert økonomi- og finansreglement, og internkontrollrutine som sikre fullmakter og klare ansvarsforhold i selskapet.

## **§ 8 Dagleg leiar**

Selskapet skal ha ein dagleg leiar som har ansvaret for drifta av selskapet i tråd med § 14 i Lov om IKS.

Ryfylkerådet tilset dagleg leiar.

Dagleg leiar sine oppgåver er mellom anna:

- Ansvarleg for dagleg drift, personale
- Ansvarleg for budsjett/rekneskap oppfølging for heile selskapet, samt rapportering i samsvar med lova til styret og representantskapet (Ryfylkerådet) gjennom budsjettåret
- Den daglege arbeidsgjevarfunksjonen overfor dei tilsette, etter delegert fullmakt frå styret
- Hovudansvaret for informasjonsstrategien i organisasjonen
- Sekretær for representantskapet (Ryfylkerådet) og styret
- Samordna arbeidet i selskapet og førebu saker til representantskapet (Ryfylkerådet) og styret
- Setja i verk vedtak fatta av representantskapet (Ryfylkerådet) og styret
- Ansvarleg for oppfølging av planar, tiltaksarbeid og prosjektarbeid som er vedteke gjennomførte og i samsvar med fastsett årsbudsjett

## **§ 9 Budsjett – økonomi**

### §9.1 Årsbudsjettet og økonomiplan

Representantskapet (Ryfylkerådet) gjer vedtak om årsbudsjettet og økonomiplan etter forslag frå styret for heile selskapet si verksemd, utarbeidd i samsvar med IKS lova §§ 18 – 22 med forskrifter. Årsbudsjettet er bindande etter lova.

Vedtak om årsbudsjett og økonomiplan skal sendast til deltakarkommunane innan 10. september kvart år, for handsaming av tilskott og tenestekjøp mv. i kommunestyra si avgjerd om deira årsbudsjett og økonomiplan. Vert tilskott o.a. endra av kommunestyra, plikter representantskapet (Ryfylkerådet) etter lova å handsama selskapet sitt årsbudsjett og økonomiplan på , slik at det i tråd med ramma som deltakarkommunane har sett.

Er det deltakarkommunar som står registrert i ROBEK jfr kommunelova §28-1 gjeld reglane i IKS lova §22.a

Eigarkommunane sitt pro-ratansvar for selskapets forpliktingar og gjeld følger av IKS lova.

### §9.2 Rapportering og årsrekneskap

Selskapet fører sitt rekneskap etter rekneskapslova.

Styret har ansvaret for å leggja fram årsrekneskapen og årsberetning senast 31. mars og i samsvar med IKS lova §27 med forskrifter til revisor, slik at endeleg handsaming i representantskapet (Ryfylkerådet) finn stad innan 30. juni kvart år.

Styret har jfr IKS lova med forskrifter, ansvaret for å leggja fram perioderapportar med budsjettendringar til representantskapet (Ryfylkerådet) minst to gonger i året. Avvik frå årsbudsjett som er fastsett og som ikkje kan løysast innafor ramma, skal leggjast fram som sak til representantskapet (Ryfylkerådet) med forslag om tiltak og inndekning samt utgreiing om risiko og konsekvensar det har for selskapet si verksemd og finansielt jfr. dei prioriteringar som er fastsett i budsjettvedtaket.

Styret skal kvart år sjå til at det vert send ei oversikt til deltakarane som syner selskapet si samla gjeld og fordelt med pro-rataansvar kvar deltakarkommune har per 31.12 i rekneskapsåret, slik at kommunane bruker same grunnlaget i sine årsrekneskap jfr. forskriftskrav om KOSTRA-rapportering.

Selskapet si prosjektaktivitet som er fullt ut finansiert med tilskot frå andre enn deltakarkommunane skal i årsrekneskapen skiljast ut som eigne prosjektregnskap.

### §9.3 Godtgjeriing for dei styrande organ

Møtegodtgjersle, reiseutgifter og anna utlegg for medlemmer i representantskapet (Ryfylkerådet) er den einskilde kommune sin kostnad og ansvar i tråd med IKS lova.

Reiseutgifter og godtgjersle til styret sine medlemmer og varamedlemar og for verva som leiar og nestleiar i representantskapet (Ryfylkerådet), samt selskapet sin valkomite er selskapet sin kostnad jamfør lova. Kostanden vert dekkja av etter dei til kvar tid gjeldande satsar i selskapet. Det same gjeld for medlemmer av andre utval som representantskapet (Ryfylkerådet) vedtek.

## **§ 10 Selskapet sin representasjon**

Styret representerer selskapet og teiknar firmaet utad jfr IKS-lova §16.

Dagleg leiar representerer selskapet i saker som fell under myndet etter Lov om IKS § 14.

## **§ 11 Endring av selskapsavtalen og opptak av nye deltakarar**

### § 11.1 Endring av selskapsavtalen

Selskapsavtalen må vedtas av samelege deltakarar. Kommunestyret må sjølv vedta avtalen. Endringar i selskapsavtalen som gjelder punkta i §4 i lova, kan bare skje ved at deltakarane gjør et likelydende vedtak om det. Andre endringar kan representantskapet (Ryfylkerådet) gjere vedtak om, om det får tilslutning frå minst to tredjedeler av dei avgitte stemmane.

Forslag til endringar i selskapsavtalen kan fremjast av styret, representantskapet (Ryfylkerådet) eller ein/fleire av deltakarane. Styret skal i alle høve få uttale seg om forslag til endring før saka vert lagt fram for handsaming av representantskapet (Ryfylkerådet) og kommunestyra hos deltakarane.

### § 11.2 Opptak av nye deltakarar

Nye deltakarar tas opp ein gang i året, pr. 1. januar. Søknad om må vere sett fram skriftleg til styret innan 1. mai året før. Styret handsamar søknaden og gir sin innstilling til representantskapet (Ryfylkerådet). Representantskapet (Ryfylkerådet) sitt vedtak sendes deretter deltakarkommunane for endeleg avgjer med handsaming i kommunestyra. Opptak av ny deltakar krev tilslutning frå alle deltakarkommunane for å bli godkjent.

## **§ 12 Utelukking, uttreden og oppløysing**

### § 12.1 Utelukking

Om ein deltakar vesentlig mislegheld sine plikter i selskapsforholdet, kan dei andre deltakarane einstemmig vedta at vedkommende deltakar skal utelukkes frå selskapet etter reglane i lov om interkommunale selskaper §31.

### § 12.2 Uttreden

Den enkelte deltakar kan med minimum 1 års skriftlig varsel sei opp sin deltakelse i selskapet, etter regla i lov om interkommunale selskap §30. Skriftlig søknad om uttreden frå selskapet skal være styret i hende seinest 1. mai. Oppsigelsestida løper minimum eit år frå representantskapet (Ryfylkerådet) har godkjent søknaden og oppgjer for uttreden jfr. lova §30. I løpet av oppsigelsestida må søknaden og oppgjeret være godkjent av samtlige deltakarar før den som har søkt om å få tre ut, kan trer ut. Uttreden frå selskapet skjer per 1. januar i kalenderåret.

### §12.3 Oppløysing og avvikling

Forslag til oppløysing og avvikling av samarbeidet kreve enstemmig med sams vedtak i alle deltakarane sine kommunestyre.

Gjennomføring og avvikling inkluder deling av aktiva og passive i selskapet, skal skje etter regla i lova §§32- 38 med forskrifter. Selskapet sitt eige arkiv må det avtales med Arkivverket om framtidig håndtering av. Avtalen om dette skal gå fram som en del av den samla dokumentasjon som avviklingsstyret legg fram til endelig avviklingsgodkjenning for kommunestyra i deltakarkommunane. Styret har plikt til å melde frå om avviklingen til Foretaksregisteret.

### **§ 13 Handsaming av klage**

Klage etter Forvaltningslovens §28 på vedtak fattet av administrasjonen i selskapet skal handsamast av klageorgan oppnevnt av representantskapet (Ryfylkerådet). Det følger av loven at eigne rettssubjekt som har fått overført myndighet frå kommunen eller fylkeskommunen, er klageinstansen ei særskilt klagenemnd. Nemnda må være oppnevnt av øverste organ, representantskapet (Ryfylkerådet).

Ryfylke IKS er ikkje delegert slik myndighet. Eventuell klagesak som måtte oppstå skal såleis sendast over til den deltakarkommunen saka gjeld, for handsaming i klageorganet i denne kommunen.

### **§ 14 Andre reglar**

For område som ikke er direkte regulert i selskapsavtalen her, skal nyttast den til enhver tid gjeldande lov om interkommunale selskaper med forskrifter.

### **§ 15 Ikraftsetjing**

Denne selskapsavtalen trer i kraft frå det tidspunkt den er vedtatt av samtlige kommunestyre i deltakarfellesskapet.

Endelig vedtatt, saksprotokoller vedlagt:

|                    |                       |                      |
|--------------------|-----------------------|----------------------|
| Hjelmeland kommune | kommunestyresak _____ | den _____, vedlegg 1 |
| Sandnes kommune    | kommunestyresak _____ | den _____, vedlegg 2 |
| Sauda kommune      | kommunestyresak _____ | den _____, vedlegg 3 |
| Strand kommune     | kommunestyresak _____ | den _____, vedlegg 4 |
| Suldal kommune     | kommunestyresak _____ | den _____, vedlegg 5 |